

## Fellesnemnda, Nye Vestland fylkeskommune

9.9.2019

### Budsjett 2020/økonomiplan 2020-2023 - Arbeidsdokument 5/19

I dette femte arbeidsdokumentet til fellesnemnda, i rolla som finansutval, har prosjektleiar fokus på følgjande områder:

- Status driftsreduksjonar
- Salderingsutfordringa
- Program for administrativ effektivisering
- Budsjettarbeidet framover

#### 1 STATUS FOR ARBEIDET MED DRIFTSREDUKSJONAR – BUDSJETT 2020

Arbeidet med å få oversikt over den nye organisasjonen, samanstilling av budsjett m.m er omfattande. Dagens budsjetteringspraksis i dei to fylkeskommunane viser til dels stor variasjon og ulikskap. Prosjektleiar arbeider med å etablere eit felles budsjettgrunnlag.

Tiltak i tidlegare budsjett som ikkje har varig finansiering må vurderast særskilt, jfr. omtale i punkt 2 om salderingsutfordringa i 2020. Dei endelege budsjetttrammene til sektorane er difor ikkje fastlagde på noverande tidspunkt.

Etter fellesnemnda sitt prosessvedtak i juni, sette prosjektleiar i gang arbeidet med å konkretisere forslag til innsparingstiltak i budsjett 2020 på til saman 100 mill. kr. Forslaga til driftsreduksjonar og konsekvensane av desse treng vurderast grundig. Prosjektleiar legg opp til å presentere konkrete tiltak i finansutvalet sitt møte 24. oktober. Dette arbeidsdokumentet gjev soleis status for budsjettarbeidet med hovudlinjer for innsparingstiltaka.

Tiltaka fordeler seg førebels slik i driftsbudsjettet:

#### **Administrative tiltak m.m**

Innsparingstiltaka knytt til administrasjon er på 17 mill. kr. og vert løyst gjennom reduksjon av stillingar i administrasjon, effektiviserings- og gevinstrealiseringstiltak. Dette gjeld for følgjande sektorar:

- *Politisk styring, kontrollutval, organisasjon og økonomi - innsparingskrav på 7 mill. kr*
- *Strategisk utvikling og digitalisering – innsparingskrav på 1 mill. kr*
- *Tannhelse – innsparingskrav 5 mill. kr*
- *Kultur, idrett og inkludering – innsparingskrav på 3 mill. kr*
- *Innovasjon og næringsutvikling – innsparingskrav på 1 mill. kr*

**Tiltak knytt til tenestene**

Innsparingstiltaka knytt til tenestene er 83 mill. kr. fordelt slik:

- *Infrastruktur og veg – innsparingskrav på 6 mill. kr*

Innsparinga vert foreslått løyst ved tiltak knytt til vegvedlikehald.

- *Mobilitet og kollektiv – innsparingskrav på 41 mill. kr*

Prosjektlear har vurdert ulike innretningar for korleis driftsreduksjonane kan gjennomførast. I hovudsak vert det lagt til grunn at innsparingskravet vert løyst med følgjande tiltak i det samla kollektivtilbodet:

- Tilpassa tilbod i periodar med låg trafikk
- Tilpassa tilbod for ruter/linjer med lågt passasjertal
- Samordning av tilbod

- *Opplæring og kompetanse – innsparingskrav på 36 mill. kr*

Prosjektlear legg til grunn at tiltaka i hovudsak kan gjennomførast ved dei vidaregåande skulane. Det vert arbeidd vidare med samordningstiltak mellom dei to tidlegare fylkeskommunane, herunder vurdering av felles prinsipp for budsjettering, t.d. klasseoppfylling, innretting av tilbodsstrukturen o.a.

Prosjektlear understrekar at det kan verte endringar i fordelinga av og innrettinga på dei skisserte tiltaka. Utover driftsreduksjonane nemnde over, vil det også vere behov for ytterlegare tiltak/omprioriteringar innan nokre sektorar knytt til m.a. nye behov, auka kostnader m.v. Dette gjeld særleg for sektorane Opplæring og Mobilitet og kollektiv. Prosjektlear kjem nærare attende til dette i møte i finansutvalet 24. oktober.

**Tilråding**

Fellesnemnda ber prosjektlear konkretisere innsparingstiltaka på sektornivå. Innsparingstiltak og forslag til omprioriteringar med konsekvensvurdering vert lagt fram til møte i finansutvalet den 24. oktober.

**2 SALDERINGSUTFORDRINGA I 2020**

I arbeidsdokument 4-19 var salderingsutfordringa i 2020 estimert til 422 mill. kr. Av dette var 375 mill. kr knytt til nye ferje- og busskontraktar. Dette vart saldert med m.a innsparingstiltak på sektorane, bruk av fond og reduserte avdrag.

På bakgrunn av ny informasjon og berekingar ser prosjektlear no at den økonomiske utfordringa vert større. Gjennomgang av kostnadene med nye ferje- og busskontraktar viser samla ein auke på rundt 40 mill. kr. Hovudårsaka til dette er ytterlegare auke i kostnadene til ferjene, som følgje av indeksreguleringar, og reduserte estimat for inntektene. Dei nye ferjekontraktane er bruttokontraktar, som inneber at fylkeskommunen er ansvarleg også for inntektssida. Ein har sidan førre arbeidsdokument vart handsama i fellesnemnda, hatt høve til å gå inn i dei tidlegare operatørane sitt inntektsgrunnlag. Ut frå dette er vurderinga at inntektssida er lågare enn tidlegare lagt til grunn. Dermed aukar salderingsutfordringa tilsvarande.

I Hordaland fylkeskommune sitt budsjett for 2019 har prosjektlear vurdert at det er innarbeidd tiltak som ikkje har varig finansiering. Prosjektlear vil foreslå å reversere desse tiltaka og kjem nærare attende til dette på finansutvalet sitt møte 24. oktober. Budsjettet inneheld også tiltak med varig konsekvens som manglar finansiering i storleiken 30-40 mill. kr. Dette må løysast i budsjett for 2020 og salderingsutfordringa aukar dermed tilsvarande.

I Sogn og Fjordane sitt budsjett for 2019 er det innarbeidd tiltak av varig karakter finansiert gjennom inntekter frå kommunesamarbeid, som no fell bort. Dette utgjør knapt 10 mill. kr.

Samla salderingsutfordring er etter dette ca. 490 mill. kr.

Prosjektleiari vil i tillegg peike på to tilhøve som ikkje er rekna inn i salderingsutfordringa, men som det er knytt uvisse til; avviklinga av Sams vegadministrasjon og omlegging til Auto-passbetaling på ferjene i dagens Hordaland.

Som fellesnemnda også kjenner til, skal ordninga med Sams vegadministrasjon avviklast frå 2020. Det er i gang ein omfattande prosess med overføring av personell frå Statens vegvesen til fylkeskommunane. Det er framleis usikkert om fylkeskommunen får kompensert kostnadene ved å overta denne aktiviteten fullt ut.

Betaling gjennom ordninga med Autopass vert frå 2020 innført på ferjesambanda som er omfatta av dei nye kontraktane. Frå statleg hald er det lagt til grunn at denne omlegginga i seg sjølv ikkje skal ha inntektskonsekvensar, men vere provenynøytral på landsbasis. Likevel er det uvisse knytt til omlegginga.

Som det går fram av saka er Vestland fylkeskommune si samla salderingsutfordring no på ca 490 mill. kr. Dette er særskilt krevjande. Prosjektleiari vil trenge noko tid for å kunne vurdere kva langsiktige tiltak som må setjast i verk for å få drifta i balanse. Innsparingstiltaka som skal gjennomførast i sektorane er også krevjande. På kort sikt vert det difor foreslått å løyse delar av utfordringa ved å redusere avdragsbetalinga som vist i tabellen under:

Salderingsområde	Prosessvedtak juni 19	Revidert forslag til saldering
<b>Salderingsutfordring</b>	<b>422</b>	<b>~ 490</b>
Innsparingstiltak avdelingane	100	100
Bruk av rekneskapsoverskot 2018	77	70
Reduksjon avdrag	100	175
Bruk av fond	52	52
Auka inntekter konsesjonskraft 40 Auka finansinntekter 53	93	93
<b>SUM</b>	<b>422</b>	<b>~ 490</b>

#### Tilråding

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande og sluttar seg til revidert forslag til saldering. Fellesnemnda ber prosjektleiari om å arbeide vidare med dei samla økonomiske utfordringane og salderinga av desse til neste møte.

### **3 PROGRAM FOR ADMINISTRATIV EFFEKTIVISERING**

Prosjektleiari vil orientere om at det i 2020 vil bli sett i gang eit prosjekt for å sjå på effektiviseringstiltak innanfor den administrative drifta av Vestland fylkeskommune. Programmet vil vere eit supplement til andre nødvendige reduksjonar i driftsrammene og gå fram til 2025.

Til møtet 24. oktober vil prosjektleiari leggje fram konkret målsetjing og innretting for eit slikt effektiviseringsprogram.

Som eit første tiltak har prosjektleiari i samarbeid med dei to fylkesrådmennene innført stillingsstopp ut 2019. Dette er gjort som ledd i tilpassinga til den nye organisasjonen og dei utfordringane ein står overfor

ved oppstarten av Vestland fylkeskommune. Eventuell vidareføring av slik stillingsstopp frå årsskiftet vil bli vurdert i kombinasjon med andre tiltak, t.d. arbeid med automatisering av arbeidsprosessar, standardisering av utstyr og programvare og generell digitalisering.

Meir detaljerte målsetjingar for programmet vert handsama i budsjettet for 2021. Prosjektleiari vil nytte 2020 til å få oversyn over strukturar og ressursbehov, slik at ein til budsjettet for 2021 har eit best mogleg grunnlag for å vedta mål og tiltak for effektiviseringsprogrammet.

#### Tilråding

Fellesnemnda ber prosjektleiari komme attende til finansutvalet med konkret målsetting for administrativ effektivisering i møte den 24. oktober. Tiltaksplan for slik effektivisering blir behandla i budsjett 2021.

#### **4. BUDSJETTARBEIDET FRAMOVER / NESTE MØTE I FINANSUTVALET**

Som nemnt vil prosjektleiari komme attende med eit samla budsjettopplegg til møtet i finansutvalet i Vestland fylkeskommune 24. oktober. Dette opplegget vil inkludere føringar som inngår i statsbudsjettet, som vert lagt fram 7. oktober.

Statsbudsjettet vil gje svar på kva det nye inntektssystemet medfører for Vestland – opp mot det førebelse overslaget som vart lagt fram i Kommuneproposisjonen 2020 i mai. Vidare legg prosjektleiari til grunn at konsekvensane av dei nye oppgåvene som skal overførast til fylkeskommunen, vert klarlagde i statsbudsjettet. Ikkje minst er oppdelinga av Sams vegadministrasjon ei stor og viktig sak med monalege økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. Dette gjer at prosjektleiari vil gjere ei samla vurdering av sektorbudsjetta ut frå føresetnadane som kjem i statsbudsjettet.

Til møtet i finansutvalet 24. oktober vil prosjektleiari også leggje fram eit oppdatert investeringsbudsjett med tilhøyrande finansieringsplan.